

## Referat frå møte i Faggruppe-Ferdsel 20.04.2023 (16-17)

Teamsmøte kl 09.00-12.00

### Til stades:

Alf Odden	SVR
Per Ketil Omholt	Statsforvalteren i Agder
Katrine Skajaa Gunnarsli	Agder FK
Preben Falck	Stavanger turistforening
Bjørn Andersen Steinsland	DNT Sør
Kristian Eiken Olsen	Statskog
Svein Olav Stegarud	Setesdal Ryfylke villreinlag
Torleif Homme	Setesdal Austhei villreinlag
Kristian Steine	Suldal Fjellstyre
Tom Olav Trydal	Bykle fjellstyre
Magnar Viga	Hjelmeland fjellstyre

### 1. Status for oppdatert kunnskapsgrunnlag

- Gjennomgang av kva som vi har lagt inn av overnattingstal for ulike hytter og ferdselsdata på stistrekningar. Det manglar nå berre data Suldal fjellstyre, Stavanger turistforening og Aust Agder turistforening. Desse vil være på plass til neste møte.
- Bestilling av data frå Strava  
Ein er i gang med å avklare moglegheiter både med Agder fylkeskommune og NINA. Det vil bli ein del kostnader knyt til innkjøp og analyser av data. Moglege finansieringskjelder vart drøft og både midlar frå Heiplansamarbeidet og SVR kan være aktuelle
- Eksisterande kunnskap om ferdsel  
Det er samla inn mykje relevant kunnskap i NINA sitt ferdselsprosjekt på Hardangervidda (Gundersen m.fl. 2021). Tre definerte ferdselssoner (Dagstursone, Langturar etter løpenett, Langturar utanfor løyper), 62% er på dagstur med ein gjennomsnittleg lengde på 4.7 timer, 38% er på overnattingstur med ein gjennomsnittleg lengde på 5.5 dagar, 81% går berre på merka sti, 17% går både på og utanfor sti, 2% går berre utanfor sti
- Eksisterande kunnskap om korleis ferdsel endrar seg etter tiltak og korleis villreinens arealbruk endrar seg etter tiltak  
Studie av villreinens områdebruk før og etter flytting av turisthytta Breitjønnbu i Rondane i 1995 (Nellemann 2010) og studie av nedlegging av ulike stisegment i Rondane (Fjelle 2020)
- Snøskutertrafikk i villreinområde  
Ein har ennå ikkje starta på jobben med å hente inn data frå kommunane. Arbeide med å hente inn data frå kommunane vil bli fordelt på medlemmane i gruppa
- Snøskutertrafikk i SVR  
Tal for Rogaland og Vest Agder er klare. Tal for Aust Agder kjem i løpet av våren

	Rogaland	Vest Agder	Aust Agder	Totalt
Preparering	3%	13%		
Beredskap	9	2		
Kraftselskap	12	18		
Beitebruk	23	22		
Private hytter	27	36		
Turisthytter	15	3		

Kvisting	6	1
Fjellstyrehytter	4	
Statskoghytter		5
Antall snøskuterturar	856	1144

- Ferdselsteljingar bestilt av SVR for 2023

Tal for skiløparar i Sloarosløypa vil være klare i mai. I tillegg vil det bli gjennomført registreringar på; to teljepunkt på anleggsvegen i Flatstøldalen, to teljepunkt på anleggsvegen til Holmavatnet, tre teljepunkt ved Storsteinen (vart ikkje telt i 2022 pga teknisk feil). Om ein kan finne midlar bør det og prioriterast å samle inn frå områda i sør. Mellom anna kan Bortelid og Ljosland være særleg aktuelle

### 2. Status for innlagte tiltak

- Gjennomgang av innlagte tiltak kor innleggar gjorde greie for forslaga  
Ein var einige om at innlegginga langt på veg har funne si form. Aktuelle endringar av innleggingsskjema vil bli vurdert fortløpende. Det vil være behov for utfyllande opplysningar for enkelte tiltak, særleg for område der fleire tiltak er aktuelle

### 3. Bestilling av modellering

- Det vart sendt inn bestilling av analyser for punkta under. Ein vil få nærmare beskjed om kva for analyser som bli gjennomfør innanfor gjeldande rammer

#### Senarioanalyse for ulike stengeregimer for Brokke-Suleskardvegen

- a) Stenging av Brokke-Suleskardvegen 15. oktober.
- b) Åpning av Brokke-Suleskardvegen 1. juni.  
evn:
- c) Tunell på Brokke-Suleskardvegen på strekningen fra under Rosskreppdammen til Kvislevatnet på ca kote 910 moh.

#### Senarioanalyse av tunelloverbygg på E134 over Haukelifjell

Fra tunellutslaget ved planlagt tunnel ved Ulevå og ca 4 km videre mot vest til tunnelutslag øst i Haukelitunnelen.

#### Supplerande senarioanalyse for flytting av Øyuvsbu

Her er det alt gjennomført 37 analyser med ulike variantar med fjerning av eksisterande hytter og løyper, og innlegging av nye plasseringar.

- Ein ny variant av analysen som kom best ut (SR1-D), men kor planlagt sti mellom Taumevatn og Bossbu i tillegg blir tatt ut.

#### Supplerande senarioanalyse for flytting av Storsteinen

1. Flytting av Storsteinen ca 1.5km opp i Storsteindalen. Nedlegging av eksisterande løype over søre del av Gyvassfjellet og under Storevassdammen. Nedlegging av eksisterande løype Storsteinen-Little Aurådal. Etablering av ny løype over Storevassdammen fram til ny hytteplassering. Etablering av ny løype Storsteinen-Little Aurådal med kryssing av Kvilldal ved Little Kvilldal.

2. Flytting av Storsteinen ca 4km vest til Vatn 1082. Nedlegging av eksisterande løype over øvre del av Gyvassfjellet og under Storevassdammen. Nedlegging av eksisterande løype Storsteinen-Litle Aurådal. Etablering av ny løype over Storevassdammen fram til ny hytteplassering. Etablering av ny løype Storsteinen-Litle Aurådal med kryssing av Kvilldal ved Little Kvilldal.
3. Flytting av Storsteinen ca 1.5km opp i Storsteindalen. Nedlegging av eksisterande løype over øvre del av Gyvassfjellet og under Storevassdammen. Nedlegging av eksisterande løype Storsteinen-Litle Aurådal. Nedlegging av eksisterande løype Storsteinen-Kringlevatn. Nedlegging av Kringlevatn. Etablering av ny løype over Storevassdammen fram til ny hytteplassering. Etablering av ny løype Storsteinen-Litle Aurådal med kryssing av Kvilldal ved Little Kvilldal.
4. Flytting av Storsteinen ca 4km vest til Vatn 1082. Nedlegging av eksisterande løype over øvre del av Gyvassfjellet og under Storevassdammen. Nedlegging av eksisterande løype Storsteinen-Litle Aurådal. Nedlegging av eksisterande løype Storsteinen-Kringlevatn. Nedlegging av Kringlevatn. Etablering av ny løype over Storevassdammen fram til ny hytteplassering. Etablering av ny løype Storsteinen-Litle Aurådal med kryssing av Kvilldal ved Little Kvilldal.

- I tillegg har Faggruppe-Vasskraft sendt inn at dei ønsker ein analyse av fjerning av statskoghytta Urdalsbu
- Faggruppe-Setesdal Austhei ønska ikkje å bestille analyser for Bjørnevassområde

#### **4. Status for arbeidsbeskriving/mandat og skjema for referat**

- Oppdatert informasjon frå prosjektgruppa vil bli presentert om det er noko nytt

#### **5. Status for samordning med andre faggrupper**

- Samordning mellom faggruppene vil bli tema på møte i prosjektgruppa 25.4.
- Desse spørsmåla er avklara så langt:
  - Ferdsel i Setesdal Austhei. Faggruppe-SA tek seg av ferdsel knytt til områda ved Bjørnevatin, mens Faggruppe-Ferdsel tek seg av ferdsel knytt til områda ved Hovden. Dette gjeld både kartlegging og forslag til tiltak.
  - Stengetidspunkt for Brokke-Suleskardvegen. Faggruppe-Arealforvaltning tek seg av tiltak knytt til eventuell endring av verneføreskrift, og ser på andre heimlar for å eventuelt kunne stenge vegen tidlegare eller opne den seinare.
  - Ferdsel i Steinbuskardområde. Faggruppe-Arealforvaltning tek seg av tiltak knytt til eventuell endring av verneføreskrift
  - Faggruppe-Vasskraft tek seg av ferdsel på anleggsvegar og reguleringsmagasin. Dette gjeld både kartlegging og forslag til tiltak
  - Faggruppe-Landbruk tek seg av ferdsel i samband med beitenæringer. Dette gjeld både kartlegging og forslag til tiltak

#### **6. Status for samordning med andre pågående prosesser**

- Arbeidsgruppe for flytting av Øyuvsbu
  - Gruppa fekk mandat frå verneområdestyret i 2018 og har vore leia av DNT Sør. Gruppa har hatt representantar frå DNT, SVR, villreinnemnde, kommunane og grunneigarane
  - Gruppa la seg sjølv ned i møte 27.03.2023. Arbeidet med problemstillingane vil bli vidareført gjennom tiltaksplanprosessen. Sluttrapport frå prosjektet er under utarbeiding, og vil summere opp erfaringane ein har gjort gjennom prosessen
- GPS-merkeprosjektet i Setesdal Austhei
  - Det er gjennomført teljingar på fleire stistrekningar ved Bjørnevatin. Data vil bli tilgjengeleg i løpet av våren.

**7. Orientering om opne informasjonsmøte om tiltaksplanane i Suldal 10. mai og Hjelmeland 15. mai**

- SVR og kommunane vil arrangere opne informasjonsmøte med tittelen «Siste nytt frå villreinfjellet» i Suldal 10. mai og Hjelmeland 15. mai
- Tema vil være CWD, forstyrring frå ferdsel, klassifisering etter kvalitetsnormen og arbeidet med tiltaksplanar

**8. Vidare arbeid i faggruppa til neste teamsmøte 9. mai**

- Fortsette innlegging av ferdselsdata
- Fortsette innlegging av tiltak
- Fortsette arbeide med innhenting av data for snøskutertrafikk
- Fortsette arbeidet med innhenting av ferdselsdata frå Strava
- Få ei endeleg avklaring av tidspunkt for fellesmøte i juni

**9. Eventuelt**

- Kristian Eiken Olsen presenterte eit kort notat om tiltak som vil bli gjennomført av Statskog i 2023 og 2024. Dette omfatta mellom anna avgrensing av areal og tal på jegerar på jaktfelt nær Steinbuskardområde, og stenging av hyttene Urdalsbu og Såvasshytta utanom jakttida